

ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS
Torgbakken 9
5411 STORD

Vår ref
2022/767-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
11.03.2022

Fråsegn til oppstart av planarbeid – detaljplan for industriområde - PlanID 202108 - Gnr 20 Bnr 12-79 mfl - Serklau - Mosterhamn - Bømlo kommune - Vestland fylke

Syner til brev av 14.2.2022 med varsel om oppstart av planarbeid på Serklau i Bømlo kommune.

Føremålet med planarbeidet er å regulere eksisterende og nytt industriområde på Serklau i Mosterhamn. Planen vil opne for ny kai/djupvasskai og hamneområde i sjø. Det skal utarbeidast konsekvensutgreiing som del av planarbeidet.

1. Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvalting, tryggleik og beredskap mot akutt forureining.


Kystverket tek ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgoder for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet.

Eit velfungerande sjøtransportssystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er sær viktig for næringsutvikling langs med kysten, for at norske bedrifter kan gjere avtalar i større handels- og produksjonsnettverk og for at personar skal kome seg mellom heim og arbeidsstad.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på våre [nettsider](#)¹. Her finn ein og styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegginga etter plan- og bygningsloven.

Planarbeidet kan ha konsekvensar for sjøtransporten sine rammevilkår og Kystverket har då rett og plikt til å delta i planlegginga, jf. plan- og bygningsloven § 3-2 tredje ledd.

¹ <https://www.kystverket.no/sjovegen/arealplanlegging/>



2. Kystverket sine innspel


Planområdet er om lag 750 daa, og ligg i Mosterhamn, nord for sentrum. Planområdet inkluderer fylkesveg, og strekker seg nordover til og med Serklauholmen og sjøområda utanfor. Deler av området er i dag i bruk som næringsområde, i hovudsak av maritime og marine verksemdar.

Planen skal konsekvensutgreiast og har planprogram. Vi ber om at ein vurderer om planforslaget vil ha ferdselsmessige konsekvensar for brukarar av sjøen.

Etablering av tiltak i eller nær sjø kan få verknad for trygginga av og framkome i farvatnet og skal difor vere del av konsekvensutgreiinga. Gjennom planmedverknaden vil vurderinga om planforslaget medfører vesentlege konsekvensar eller verknader i farvatnet, strandsona eller hamnene, vere sentralt for Kystverket. Vi ønskjer difor å minne om at det for området i sjø vil vere bestemte krav om konsekvensutgreiing knytt til nye arealformål heimla i pbl. § 11-7 nr. 2 og 6.

Farlei og ferdsel

Farleia «Spyssøysundet- Serklau» går inn til planområdet. Planområdet kjem og inn i eit areal som er brukt til ankring, vist i kartdatabasen «kystinfo» som «Flæet ved Mosterhamn».



I bildet er farleiene vist med blå stipla linjer.

Ankringsområdet er vist med raud innramming.

Areal med grøn skravur syner kor Kystverket har mynde etter havne- og farvannsloven, og er det geografiske arealet til farleiene jf. Forskrift om farleder (FOR-2019-12-11-1834).

Konsekvensutgreiinga må vurdere kva verknadar planframlegget har for farlei, ferdsel og ankring i området.

Hamn

Planen vil opne for ny kai/djupvasskai og hamneområde i sjø. Areal til kai og hamneområdet i sjø må synleggjerast i det vidare planarbeidet. Det er viktig at fartøy vert sikra tilstrekkeleg manøvreringsareal rundt aktuell kaianlegg. I dette ligg det også eit behov for areal til lasting, lossing og lagring, samt terminalar for ulike formål.

Hamnedrift fører med seg ulike typar støy gjennom døgnet. Kystverket har erfart frå andre hamner at støy frå verksemdar er ein utfordring for nærliggande områder med støyømfintleg busetnad. Kystverket føreset at det vidare planarbeidet tek omsyn til at maritime og marine verksemdar kan medføre støy og lukt.

Verksemdene på land kan ha behov for leidningar i sjøen. Leidningar kan komme i konflikt med ankring og bruk av anker for å styre eller bremse fartøy. Kystverket si vurdering er at kommunen i planprosessen bør sjå til at aktuell trasé for leidningar ikkje kjem i konflikt med sjøverts ferdsel eller annan bruk av farvatnet.

Vi gjer merksam på at kaiar o.l., som kan påverke tryggleiken, ferdselen eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet, krev løyve etter havne- og farvannslova § 14.

3. Oppsummering

Kystverket er positiv til tilrettelegging for sjøretta næring, men det må ikkje planleggast tiltak eller aktivitet som kjem i konflikt med eller er til ulempe for skipstrafikken i farleiene.

Kystverket syner til våre faglege råd og innspel i dette brevet, og ber om at det vert teke omsyn til desse i planarbeidet.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent